



# UiB OG SAMFUNNET

2022–2023



UNIVERSITETET  
I BERGEN

# HELSING FRÅ REKTOR

2022 var eit innhaldsrikt år, med mange høgdepunkt for forskning og utdanning ved Universitetet i Bergen (UiB). Dei første tildelingane frå EU sitt nye forskingsprogram Horisont Europa vart annonserte, og totalt seks nye UiB-forskarar fekk i fjor ERC-tildeling. I september tildelte Noregs forskingsråd også to nye Senter for framifrå forskning (SFF) til UiB.

Universitetet sende om lag 90 studentar til Stillehavet i fire månader, der dei budde og studerte om bord på Statsraad Lehmkuhl og var med på jordomseglinga One Ocean Expedition – ein seglas som har gjeve studentane unik erfaring. I 2022 feira vi Skeivt kulturår, der vi bidrog på fleire ulike måtar med utstillingar, konferansar og andre aktivitetar.

UiB satsar på digitalisering. Som fyrste utdanningsinstitusjon kunne vi i 2022 gjennom emnepakken UiB DIGI tilby alle studentar seks ulike emne for å gje dei digitale ferdigheiter, uavhengig av kva slags fag ein studerer.

2022 har òg vore eit alvorstungt år – der krigen i Ukraina har prega både universitetssamfunnet og samfunnet elles. UiB fekk tildelt 125 nye studie-plassar som følgje av flyktningkrisa, og mange av våre forskarar har vore aktive deltakarar i samfunnsdebatten for å belyse ulike tema i samband med krigen.

Krigen og andre uventa hendingar krev at samfunnet har ein kunnskapsberedskap innanfor eit breitt spekter av område – det bidreg vi sterkt til ved UiB. Vi er eit av landets største breiddeuniversitet og legg ned solid innsats i grunnforskning og forvaltning av disiplinær og fagmiljø kvar einaste dag. Det er kanskje det viktigaste vi gjer for samfunnet. I dette heftet kan du lese meir om våre høgdepunkt og kva UiB bidreg med til samfunnet.

God lesing!




**Margareth Hagen**  
Rektor

# UNIVERSITETET I BERGEN I 2022

UiB er Noregs nest eldste universitet, og vart etablert i dagens form i 1946. Dei akademiske røtene går derimot tilbake så langt som til 1825 då Bergen museum vart grunnlagt.

I dag er UiB eit internasjonalt retta forskingsintensivt breiddeuniversitet. Universitetet har 7 fakultet og 40 institutt.

## ANDEL KVINNER OG MENN



## ÅRSVERK

4 222

## INNTEKTER (I MILL. KRONER)

5 722

UiB sine totale inntekter

1 302

Bidrags- og oppdragsinntekter (BOA)

# STUDENTANE VÅRE

## TAL PÅ STUDENTAR HAUST 2022 (FAKULTETSVIS FORDELING):

Totalt antal studentar

**19 846**

Det humanistiske fakultet


**4 171**

Det juridiske fakultet

**2 431**

Det psykologiske fakultet

**2 209**



Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet

**3 875**

Fakultet for kunst, musikk og design

**684**

Det medisinske fakultet

**2 203**

Det samfunnsvitenskaplege fakultet

**4 264**

## ULIKE STUDIUM VED UiB

**188**

Tal på ulike studieprogram UiB tilbyr. Dette er fordelt på årsstudium, bachelor- og masterprogram samt profesjonsstudium.

## ETTER- OG VIDAREUTDANNING

**3 422**

studentar melde opp i ulike vidaregåande utdanningstilbod i 2021. Dette er ei auke på heile 83 prosent frå 2020. Etter- og vidareutdanninga på UiB tilbyr 127 ulike emne.

## FORBRUK STUDENTAR (I MILL. KR.)

**2 783**

Så mykje pengar la UiB-studentane igjen i Bergen i 2022 i form av husleige, handel og kulturopplevingar i byen.

## SENTRER FOR FRAMIFRÅ UTDANNING

UiB har to sentre for framifrå utdanning (SFU):

*BioCEED – Senter for framifrå utdanning i biologi*

*IEarth – Centre for integrated earth system science education*

Ordninga med SFU vert forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.



## **STUDENTFRIVILLIGHEIT**

Studentorganisasjonar og fagutval er viktige for at studentar skal trivast, både fagleg og sosialt. Fagutvala bidreg til å styrke studentane si medverking i utvikling av studium ved universitetet, medan dei meir enn 200 studentorganisasjonane i Bergen gjev studentane eit nettverk, erfaringar og eit aktivt sosialt studieliv. Studentfrivilligheita er også ein viktig del av bybildet og kulturlivet i studentbyen Bergen.

## **BYTTEBUA**

Byttebua er ein permanent byttemarknad for alle studentar i Bergen, samt for tilsette ved UiB. Initiativet kom frå Berekraftspilotane ved UiB i 2020, og pilotane har sidan, i samarbeid med studentorganisasjonane Spire Bergen og Framtiden i våre hender Bergen, drifta det populære tilbudet i lokala ved Nygård skole.

## **BEDRIFTSKVELD FOR STUDENTAR**

Med støtte frå Klimafondet ved UiB arrangerte Om i Morgen bedriftskveld for studentar i Grieghallen i februar 2023. Meir enn 250 påmeldte fekk møte ei rekke bedrifter som presenterte korleis dei jobbar mot det grønne skiftet i sine bedrifter, og kva kompetanse næringslivet treng i framtida. Bedriftskvelden var spesielt retta mot studentar innan teknologi, hav og berekraft.

## **MASTERUTSTILLING VED KMD**

Kvar vår er Bergen Kunsthall vertskap for avgangsutstillinga ved masterstudentar frå Kunstakademiet – Institutt for samtidskunst, ved Fakultet for kunst, musikk og design. I 2022 presenterte 27 unge kunstnarar arbeidet sitt i utstillinga Picnic. «Masterutstillinga boblar av kreativitet», skreiv Bergens Tidende sin anmeldar, og gav utstillinga 5 av 6 hjarte.

# FORSKING



## JANSEN NY VISEPRESIDENT I ERC

Klimaforskar Eystein Jansen ved UiB og Bjerknessenteret er ny visepresident i Det europeiske forskingsrådet (ERC). Frå 1. januar 2023 er han dermed vitskapleg leiar for EU si satsing på grunnforskning innan naturvitskap og teknologi. ERC vert rekna som elitedivisjonen for europeisk forskning, med ansvar for grunnforskning i EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa. ERC har eit budsjett på meir enn 16 milliardar euro i perioden 2021–2027.

## FRAMIFRÅ FORSKING (SFF)

I september 2022 tildelte Forskingsrådet nye Senter for framifrå forskning (SFF). Ved UiB vart *Bergen Centre for Ethics and Priority Setting in Health* og *Senter for digitale fortellinger* tildelt den høgthengande statusen. Kvart senter får 155 millionar kroner, til langsiktig og samfunnsnyttig forskning dei komande 10 åra. Frå før leia UiB fire Senter for framifrå forskning. Tre av desse vil i 2023 avslutte sine vellukka periodar som SFF etter 10 år.

## AVLAGDE DOKTORGRADER I 2022

# 220

55 prosent av kandidatane er kvinner.

## VITSKAPLEGE ARTIKLAR

# 3 721

vitskaplege artiklar, forfatta av UiB-tilsette, vart publiserte i ulike tidsskrift i 2021.



### **FORSKINGSDRIVEN INNOVASJON (SFI)**

UiB koordinerer to Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og er partner i fire andre. Dei to SFI-sentera leia av UiB er *MediaFutures*, eit forskings-senter for ansvarleg medieteknologi og innovasjon i Media City Bergen, og *SmartOcean*, som skal skape eit observasjonssystem for havet og bidra til at veksten i havnæringane skjer på ein berekraftig måte. SFI-ordninga frå Noregs forskingsråd skal styrke innovasjon i nært samarbeid mellom næringsliv og framifrå forskingsmiljø.

### **NYE ERC-TILDELINGAR**

Dei første tildelingane frå EU sitt nye forskingsprogram Horisont Europa vart annonsert i 2022, og totalt seks nye UiB-forskarar fekk ERC-tildeling. To forskarar fekk også ytterlegare finansiering gjennom innovasjonsordninga ERC Proof of Concept for å vidareutvikle sine ERC-prosjekt. I januar 2023 vart også nye ERC Consolidator Grant-tildelingar annonserte. Ni prosjekt vart tildelt forskarar i Noreg. Heile fire av desse gjekk til UiB.

### **FORSKINGSFUNN GJEKK VERDA RUNDT**

Lars T. Fadnes ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin er initiativtakar til ein ny «kalkulator» som anslår kor mange ekstra leveår ein kan få ved å endre kosthaldet. Ifølge kalkulatoren kan betre kosthald auke venta levealder med ti år. Dei største gevinstane får ein ved å auke inntaket av belgvekstar, fullkornsprodukt og nøtter, samt å redusere raudt- og bearbeida kjøtt. CNN, The Daily Telegraph og Le Monde var berre nokre av mange internasjonale medium som omtala funna.

# KRIGEN I UKRAINA



## INTERNASJONAL KONFERANSE

24. februar 2023, på dagen eitt år etter at Russland gjekk til fullt åtak på Ukraina, arrangerte UiB og den ukrainske ambassaden i Noreg ein internasjonal konferanse om krigen. Over 200 deltakarar fekk med seg konferansen i Universitetsaulaen, der mellom anna statsminister Jonas Gahr Støre og Oleksandra Romantsova, leiaren i Senter for sivile rettigheter, organisasjonen som vann Nobels fredspris i 2022, stod på scenen.

## SOLIDARITET MED UKRAINA

I februar 2022 invaderte Russland nabolandet Ukraina, noko som har prega både universitetsmiljøet og samfunnet for øvrig. UiB var raskt ute med å fordømme handlingane til Russland. Ukraina sitt flagg vart heisa og Universitetsmuseet vart lyst opp med Ukraina sine fargar. UiB flagga for fridom og demokrati, og for å vise solidaritet med Ukraina.

## UKRAINSKE STUDENTAR

Av dei 1000 studieplassane regjeringa oppretta som følge av flyktningkrisa i Ukraina, vart UiB tildelt 125 plassar. Det har vore ei høgt prioritert oppgåve for UiB å følge opp dei ukrainske studentane på ein god måte, i nær dialog med studentane sjølve. UiB oppretta også raskt etter invasjonen ei informasjonsside om krigen i Ukraina. Den vart fortløpande oppdatert med informasjon til studentar og tilsette, men også til samfunnet rundt oss.

## KUNNSKAPSBEREDSKAP

Ei lang rekke av UiB sine forskarar har bidrege til å dele sin kunnskap om tema som Ukraina, Russland og folkerett i etterkant av invasjonen. Dei har stilt opp både som ekspertar i ulike massemedium, i temamøte, og som aktive samfunnsdebattantar, for å belyse ulike tematikkar i samband med krigen.

# DIGITALISERING OG KUNSTIG INTELLIGENS (AI)

## UiB AI



### **KUNSTIG INTELLIGENS**

*UiB AI* er eit initiativ for å koordinere og synleggjere all forskings-, utdannings- og innovasjonsaktivitet innan kunstig intelligens ved UiB. Initiativet skal òg legge til rette for samarbeid og kontakt mellom fakulteta og med partnerar utanfor UiB. UiB tilbyr studium i kunstig intelligens på både bachelor- og masternivå, og anvendt AI-forskning blir utført på alle fakultet. Vi har og eit godt samarbeid med ulike partnerar i næringslivet gjennom ulike teknologi- og kunnskapsklynger som involverer AI.



### **INTELLIGENTE BERGEN**

I november samla konferansen Intelligente Bergen deltakarar frå næringsliv, offentleg sektor, forskarar og studentar i bergensregionen for å synleggjere forskning på og bruk av kunstig intelligens. Konferansen blei arrangert av UiB AI i samarbeid med Norwegian Cognitive Center, Helse Bergen og Bergen kommune. Eit viktig mål for dagen var å utforske nye samarbeidsmoglegheiter og opne for dialog på tvers av fag og sektorar i regionen. Konferansen vert arrangert igjen i november 2023.



### **UiB DIGI**

Hausten 2022 lanserte UiB emnepakken Digital forståing, kunnskap og kompetanse (DIGI). Pakken består frå hausten 2023 av åtte ulike emne, og er open for alle studentar på UiB, uavhengig av kva slags studieprogram ein går på. På emna kan ein lære meir om kunstig intelligens, personvern, IKT-tryggleik, programmering og algoritmar, og forståing og bruk av data. Eitt emne gjev 2,5 studiepoeng, og hausten 2022 var det over 200 studentar på kvart emne. Planen er å tilby emna også til dei tilsette.

# FORMIDLING OG KUNNSKAPSDELING



## PUBLIKUMSPRIS TIL UNIVERSITETSMUSEET

Universitetsmuseet i Bergen vann i mai den høgthengande europeiske museumsprisen «The Portimão Museum Prize For Welcoming, Inclusion And Belonging». Museet fekk prisen for sitt publikumsarbeid, og måten dei bidreg til samfunnet på.

## EIN MILLION LIKES

Kunnskapsvertane på Universitetsmuseet driv TikTok-kontoen @kunnskapsvert. I januar 2023 passerte dei ein million «likes» på videosnuttane dei har lagt ut. Den mest sette videoen har over 1,5 millionar visningar og meir enn 370 000 likes. TikTok-kontoen vart starta i mai 2021. Det er eit av fleire formidlingsinitiativ retta mot barn og unge som vert driven av Avdeling for forskingskommunikasjon ved Universitetsmuseet.



## AAREBROTFORELESINGA

I januar inviterte UiB, Studentersamfunnet i Bergen og familien til Frank Aarebrot for femte gong til Aarebrotforelesinga, som heidrar den munnlege formidlingstradisjonen Frank Aarebrot var ein sterk representant for. Ein fullsett universitetsaula, samt fleire tusen som strøyma forelesinga på nett, let seg begeistre av immunolog Anne Spurkland frå UiO si 200 minutt lange forelesing om immunforsvaret.

## DEMENSKORET

Geir Olve Skeie ved Haukeland universitetssjukehus og Griegakademiet, Fakultet for Kunst, musikk og design, og Stefan Kölsch ved Institutt for biologisk og medisinsk psykologi, var med som ekspertar i NRK-suksessen «Demenskoret». I serien starta programleiar Ingrid Gjessing Linhave eit kor for menneske med demens, og synte fram forskning på temaet undervegs. Skeie og Kölsch fortalde her om forskingsprosjektet ALMUTH, som mellom anna ser på effekten musikk har på hjernevolum.

## SDG CONFERENCE BERGEN

---

# 117 land

Var representert blant dei meir enn 1 700 deltakarane på den digitale Berekraftskonferansen i Bergen (SDG Conference Bergen) i februar 2023. Her vart det sett fokus på rettferdig berekraftig omstilling. Det var sjette gong konferansen vart arrangert.

## STORE NORSKE LEKSIKON

---

# 6,3 mill

Talet på lesing av UiB sine artiklar på Store Norske Leksikon. Leksikonet er ei viktig kjelde til kunnskap i Noreg, og 80 UiB-tilsette er fagansvarlege i leksikonet. Totalt har desse fagansvar for 8 645 artiklar. UiB-tilsette bidreg med artiklar om alt frå hinduisme, steinalder, søvnevanskar og hav til Louis Armstrong.

## FORSKINGS DAGANE

Forskingdagane i Bergen er eit samarbeid mellom forskings- og utdanningsinstitusjonar i byen. Målsettinga er mellom anna å skape begeistring og forståing for forskning, samt formidle kva forskning betyr for samfunnet. Under Forskingdagane 2022, kunne publikum mellom anna oppleve Forskar Grand Prix, Forskingstorget, Forskingdagane UNG og Night at the Aquarium.



## UiB OG NETFLIX

UiB samarbeider med den Emmy-vinnande TV-produsenten James Honeyborne om den nye Netflix-serien «Our Oceans». Samarbeidet om den nye storsatsinga inneber at UiB-forskarar bidreg med kunnskap om havet og arktiske økosystem til ein episode som omhandlar Polhavet. Serien har fem episodar totalt og har global premiere på Netflix i 2024.

## SKEIVT KULTURÅR

I 2022 var det 50 år sidan seksuell omgang mellom menn vart avkriminalisert i Noreg. For å markere dette feira UiB skeivt kulturår, der vi bidrog med utstillingar, konferansar og andre aktivitetar. I juni deltok også rekordmange studentar og tilsette under UiB sin parole i Pride-paraden i Bergen.

# INTERNASJONALT UNIVERSITET

## GRØN UTVEKSLING

UiB har fått midlar frå Utrecht-nettverket til å arrangere ein workshop for 10–15 studentar frå nettverket våren 2023. Samlinga er eit samarbeid med Masaryk Universitet i Brno i Tsjekkia. Målet er å samle informasjon om kva som hindrar studentar i å velge miljøvenlege alternativ når dei reiser på utveksling i Europa, og kva universiteta og Utrecht-nettverket kan gjere for å legge til rette for at fleire vel grønne reiser.

## INTERNASJONAL PUBLISERING

61 prosent av dei vitenskaplege publikasjonane hadde internasjonalt forfatterskap i 2021. Det vil seie at minst ein av forfatarane var frå UiB, og minst ein frå utlandet. Det er publisert artiklar med forskarar frå 154 ulike nasjonar med USA, Storbritannia og Tyskland på topp. UiB er med dette best blant breiddeuniversiteta i Noreg på internasjonal publisering.

## SITERINGAR

Forsking frå UiB får gjennomslag og vert brukt av forskarar i andre land. Times Higher Education World University Rankings rangerer framleis UiB blant dei mest siterte universiteta i Noreg, i 2022 med ein skår på 86 av 100.



## UTREISANDE STUDENTAR (HEILE 2022)

# 823

## INNREISANDE STUDENTAR (HEILE 2022)

# 1 302

## STATSBORGARSKAP

# 40%

av dei ferdige doktorgradskandidatane har utanlandsk statsborgarskap, med Tyskland, Sverige, Etiopia og Kina på topp.

# ONE OCEAN EXPEDITION

## HAVET SI ROLLE

One Ocean Expedition er ei jordomsegling med seglskuta Statsraad Lehmkuhl, frå august 2021 til april 2023. Ekspedisjonen er ein del av FN sitt havforskingstiår. Målet er å skape merksemd og dele kunnskap om kor viktig havet er for ei berekraftig framtid i eit globalt perspektiv.

## ONE OCEAN WEEK

Når Statsraad Lehmkuhl returnerer til Bergen 15. april 2023, vert det folkefest, debattar, forskingsformidling, kulturelle innslag og erfaringsutveksling ei heil veke til endes. Under One Ocean Week (15.–21. april) vil UiB arrangere og delta på ei rekkje arrangement.

## FORSKING

Statsraad Lehmkuhl vart før avreise utstyrt med toppmoderne forskingsinstrument, mellom anna for å måle plankton, karbon, bølgehøgde, plast, temperatur og salt. Havforskningsinstituttet koordinerte overvakingssystemet, og i tillegg til UiB, bidrog partnarar frå HVL, NORCE, Kongsberg Maritime og Meteorologisk institutt.



## UNDERVISING

UiB heldt to undervisningskurs om bord på Statsraad Lehmkuhl under One Ocean Expedition. I november 2021 kunne studentar delta på tre veker med feltundervisning i emnet SDG313 i Karibia. Medan skipet var i Stillehavet frå mai 2022 til og med august 2022, deltok om lag 90 studentar på det tverrfaglege berekraftsemnet SDG200.

## HAVAMBASSADØRAR

Ti av studentane om bord hadde rolla som havambassadørar. Deira jobb var å vise fram livet om bord på skipet og å formidle kva som var målet med ekspedisjonen. Havambassadørane har nådd breitt ut med si formidling, mellom anna på YouTube, TikTok, Instagram og Facebook. Fire månader med innhald frå One Ocean har generert rundt ein million visningar og mykje engasjement på sosiale medium.

# KLIMA OG BEREKRAFT

UiB sitt viktigaste bidrag til den grønne omstillinga ligg i breidda av forskning og undervisning, der berekraft er ein integrert del. I tillegg har UiB store ambisjonar for eiga drift. Universitetsstyret har vedteke eit mål om at UiB skal vere klimanøytralt i år 2030. Les meir om berekraftsatsinga til UiB på [uib.no/bærekraft](http://uib.no/bærekraft).

## KLIMAFONDET

Klimafondet ved UiB finansierer tiltak som skal engasjere tilsette og studentar i arbeidet med å redusere universitetet sitt klimaavtrykk. I 2022 støtta fondet 17 tiltak, på totalt 2,3 millionar kroner.

## BEREKRAFTSPILOTAR

I 2022 vart det tredje kullet av berekraftspilotar tilsett ved UiB. Berekraftspilotane er studentar som bidreg til å løfte studentperspektivet inn i UiB sitt arbeid med berekraft og Klimanøytralt UiB.

## INNFLYTTING I NYTT SIGNALBYGG

UiB samlar fellesadministrasjonen i eit nyrenovert bygg i Nygårdsgaten 5. Energibruken i bygget blir halvert samanlikna med før renoveringa. Også gjenbruk er eit viktig nøkkelord for å redusere utsleppa, både når det gjeld møblar og interiør. Den største gjenbruksverdien ligg i å behalde sjølve bygget, heller enn å rive ned og bygge på nytt.



## STIPEND FOR GRØNE MASTEROPPGÅVER

Gjennom Klimafondet kan studentar ved alle fakultet frå 2023 søke om stipendet Grøn master. Målet er å inspirere studentar til å skrive masteroppgåve om klima, miljø og berekraft. UiB sine studentar spelar ei viktig rolle når det gjeld å finne dei gode løysingane i åra som kjem, og ei masteroppgåve om temaet kan vere ein god start.

## SENTER FOR HAVVIND

Regjeringa vil tildele konsesjonar for 30 GW havvind innan år 2040. Det er nesten like mykje straum som dagens vasskraftproduksjon. Stortinget sin energi- og miljøkomité meiner difor det er stort behov for meir tverrfagleg kunnskap om temaet. Komitéen peikar konkret på UiB-senteret Bergen Offshore Wind Centre (BOW) som eit senter som bidreg til nettopp det.

## FORSKING: KARBONBUDSJETT

Dei globale karbonutsleppa er tilbake på ei stigande kurve, med utslepp som er litt over nivået i 2019, altså før Covid-19. Det viser karbonbudsjettet for 2022, som vart presentert under klimatoppmøtet COP27 i Sharm-El-Sheik. Karbonbudsjettet er eit samarbeid mellom ei lang rekke forskarar, mellom anna Are Olsen og Meike Becker frå UiB og Bjerknæssenteret for klimaforskning.

## REDUKSJON I ENERGIBRUK

# 30%

per m<sup>2</sup> sidan 2013.

## SOLCELLER

# 4 000

solceller i drift på tak på campus, og nye kjem opp fortløpande.

## ENERGIBRUK

UiB har over fleire år arbeidd målretta med å ta ned energibruken, og har gjennomført ei rekke tiltak med gode resultat. Dette er nokre av tiltaka som er planlagt og iverksett for å redusere universitetet sitt samla forbruk fram til 2030:

---

Arealeffektivisering og rehabilitering av bygningsmassen

---

Etablering av varmepumper i Realfagbygget, som nyttar sjøvatn som går gjennom bygget

---

Utbygging av solcelleanlegg på nær alle tak

---

Etterisolering og utskifting av vindauge

---

Fleire ENØK-prosjekt knytt til effektivisering av tekniske anlegg



UNIVERSITETET  
I BERGEN